

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 15.02.2021

Dykkar

ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå ekstraordinært informasjons- og drøftingsmøte 15.02.2021

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattforma Zoom.

Frå organisasjonane

- Caroline Hals og Siv Håberg – NTL
- Tina Næss – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil, Maren Ringstad og Liv-Tone Måseidvåg – Forskar forbundet
- Asle Fredriksen - Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Anne Julie Semb - dekan
- Kari Henriksen – fakultetskoordinator for rehabiliteringa av Eilert Sundts hus
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Førebelts sakskart til fakultetsstyreseminaret 18.-19. mars var lagt ved innkallinga.

Drøftingssaker

1. Status for oppfølging av stresak av 17. desember 2020 om Arenas økonomiske situasjon.

Dekanen orienterte om at fakultetet har bede senterleiar Daniel Naurin om å utarbeida eit forslag om vegen vidare for Arena. Det er to hovudretningar Arena kan gå og det er enten å fortsetja som eit reint forskingssenter eller ha ein kombinasjon av forsking og studie (t.d. masterprogram i Europastudier). Daniel Naurin er ny i stillinga og fakultetet vil dekkja Naurin sin løn i ½ år for at han skal få høve til å utarbeida eit slikt forslag.

Forskar forbundet er skeptisk til at arbeidet med å utarbeide eit slikt forslag blir lagt til Arena aleine, då ein er usikker på kva handlingsrom dei har. I staden burde ein ha hatt ei brei samansett gruppe, gjerne med medlemmar frå fakultetsstyre. Dette blir støtta av NTL.



Fakultetsadministrasjonen

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

Dekanen meiner det ville vera formelt problematisk grunna rolleblanding, då det er medlemmane i fakultetsstyre som til sist skal fatta vedtak i saka om Arena.

Forskarforbundet meiner ein først burde verta samde om kva økonomiske rammer Arena har før ein utarbeidar planar for vidare drift.

Dekanen svara at fakultetstyret har vedteke ein økonomisk fordelingsmodell som vil vera gjeldande ramme for arbeidet. Dersom Arena skal finansierast på eit anna vis vil det krevja eit eige styrevedtak.

Akademikarane, NTL og verneombodet melder alle om uro, frustrasjon og usikkerheit knytt til Arena si framtid blant dei tilsette ved senteret. Dei tilsette har i fleire år opplevd å jobbe ein stad der framtida er uavklart. Dei tilsette sin situasjon må høgare på agendaen og ein oppmodar fakultetet til å arrangera eit informasjonsmøte der dei tilsette kan få stilla spørsmål. Dekanen noterer seg dette ynskje.

2. Status for oppussing av Eilert Sundts hus og flytting til/disponering av mellombelse lokalar

Kari Henriksen heldt ein presentasjon om status i saka, og korleis ein ser for seg å ivareta smittevernomsyn både ved flytting og når ein er lokalisert i dei nye mellombelse lokala. Vidare at nettsider og informasjon også er utarbeida på engelsk.

Akademikarane ba arbeidsgjevar vera tydeleg i dialog med den enkelte, då mange er uroa for smittesituasjonen når ein skal over i landskap. Viktig at terskelen for å fortelje om uro er låg og at dei tilsette opplever å bli tatt på alvor.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyreseminar 18.-19. mars 2021.

Førebels sakskart. Sakene vil verta gjennomgått på neste IDF-møte i forkant av styreseminaret.

B. Orientering om forlenging av EU og privatfinansierte stipendiatar og postdoktorar.

Fakultetet har fått tildelt 1,2 mill. kroner frå departementet som skal gå til å dekkja kostnadane ved forlenging av denne gruppa grunna manglende framdrift knytt til koronasituasjonen. Til no har 7 stipendiatar fått forlenga stillinga si, og samla utgjer dette 15 månadsverk.

Forskarforbundet lurar på kor mykje av pengane som er brukt på desse 15 månadsverka. Fakultetet vil koma attende med tal på kor mykje desse 15 månadsverka utgjer av dei tildelte 1,2 millionar kronene.

C. Personalsituasjonen

Ingen saker.

D. Forskarforbundet har fått melding frå sine medlemmer at forskarar i fast tilsette stillingar med ekstern finansiering, er blitt nekta å søkja nye prosjekt. Ber fakultetet koma tilbake med ei orientering om dette i neste møte i samband med saka om korleis ein legg til rette for/opnar for at mellombels tilsette forskarar og postdoktorar får høve til å søkje på nye eksternfinansierte prosjekt.

Forskarforbundet ber også fakultetet i neste møte orientere om kva konsekvensar digitalisering av undervisning har fått for utteljing i timereknskapen ute på einingane.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud-Jorunn Sandal
+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no